

# Solbakken

Av Knut Raastad, 2017



Solbakken var ei stugu ovanfor jordet på nordgard Valde i Nordherad. Dette er i hamninga til Valde, like vest og opp for låven på nordgard Viste.

I folketellinga i 1910 budde Guri Dalestuen og dottera Ragnhild der, Ragnhild er nemnd som bagste og vaskekvinne. I 1900 budde dei i Dalestuen. Guri Johannesdotter 1826-1912 frå Runningen Prestgardseige var gift med Syver Nielsen Dalestuen 1829-1904. Dei hadde barna Iver f. 1850, Johannes f. 1854, Marit f. 1858, Niels f. 1860, Ragnhild f. 1865 og Kari f. 1867. Etter at Syver døydde i 1904 ser vi at husmannsbruket Dalestuen vart frådelt og seld til sjølveige i 1906. Truleg er det da dei har bygd og flytta til Solbakken.

Ugifte Ragnhild 1865-1923 hadde med John Olsen nedre Sandbakken f. 1865 sonen Ole Johnsen f. 1893, han budde nok hjå mora og bestemora i Solbakken, i 1909 emigrerte han til USA.

Ragnhild vart 1915 gift med Johan Kristenson Volden (Flatum, Odden) f. 1873. Dette vil kanskje seia at det budde folk i Solbakke-stugu til 1915.

Den ti kvadratmeter store stugu i Solbakken vart på 1930-talet flytta til setra til nordgard Valde og står fortsett der.

Kjelder:

Dean Johnson (soneson til Ole Johnsen): epostkorrespondanse

Folketelling 1865, 1875, 1900, 1910

Opplandsarkivet avd. Vågå: familieark, kopi panteregister